

*Eg er liksom tvangspåmeld eit løp utan info om lengde eller terreng. Og når eg kjem til ein drikkestasjon etter mange mil, så tømmer dei ut væska på marka foran meg. Gong på gong, kvar gong eg trur vi har ei løysing.*

**Dette er ikkje sosialt berekraftig. Det er eit svik og ei livssorg: etisk, sosialt, økonomisk, sjeleleg og juridisk. Det er hol i båten vi sit i, og alle instansar står over oss og spylar oss ned med brannslangar.**

**Systempåført trøtthet**

**Eg har hatt eit alvorleg sjukt barn, og dette kan ikkje samanliknast. I helsetenesta er ein inne i eit system. Dette her derimot... det er systemtrøtthet, motarbeiding, lovbrøt og dårlege haldningar, og min trøtthet er knytt til skule og alle såkalla «hjelpetakingar»**

Vi har vore nøydde å redusere stillingane våre, vi har ikkje lenger råd til å vere med på eller late ungane vere med på det vi eller dei ønsker

**Eg lir ikkje av omsorgstrøtthet – eg lir av systemtrøtthet**

**Systemstress**

**Eg kan jo ikkje legge meg ned**

**For meg inneber omsorgstrøtthet systemtrøtthet. Hadde vi hatt system som fungerte, instansar som lytta, så hadde kanskje ting vore annleis**

*Mange må slutte i arbeid, redusere stillinga si, for å stille opp for barnet*

Der ungen min skulle få støtte, meistring og aksept vart staden der tunge steinar la til byrda på ein allereie krokete rygg. Det er ei systematisk berøringsangst, marginalisering og fråstøyting som kan drive det mest stødige menneske til vanvidd.

# «Omsorgstrøtthet» som barriere for samfunnsdeltaking

*Eg vert ikkje lei av å vise omsorg for barnet mitt, men eg vert utbrent av di eg er pålagd ei mykje større omsorgsoppgåve enn «normalt» i form av møter, klager, samtaler, utvida oppfølging, av di det ikkje er noko anna system, t.d. som spesialisthelsetenesta, som ivaretek dette for oss som står i det.*


**Dette er ein energisluk, trøtt av økonomisk bekymring både no og for framtida, t.d. eigen pensjon, praktisk trøtthet, sorg over å måtte legge vekk eige liv og eiga karriere**

**Eg må heile tida kjempe for å verte trudd – det er ikkje overskudd til noko anna**

**Er så sliten etter mange år. Prøver å halde ut, få rett hjelp av systemet, men stangar mot ein vegg medan eg ser eige barn svinne**

*Vi brukar så mykje tid og krefter på å følgje opp at det går ut over familietida, eller, det vi ønsker den skal vere. Det er ikkje krefter att etter kampen mot systemet.*

**Det er utanforskap for heile familien. Eg skal vere telefonvakt, advokat, lærar, psykolog, SFO, fritidstilbod, meistrings- og sjølvkjensletilretteleggar, det er ikkje noko att**



**SKULEFRAVAERSPROSJEKTET**